
Fra: Bente Kopperdal Hervik
Sendt: 15. mars 2017 11:16
Til: 'Janne Havneraas'
Emne: Søknad om støtte til "På tur i Radøy 2017"

Hei,

Radøy kommune skal også i år arrangera «På tur i Radøy», slik som me har gjort dei to siste åra. Opplegget går ut på at me plukkar ut ti turmål i kommunen der me set ut postar med kodeord. Alle husstandar, alle born i barnehagane og alle grunnskuleelevar får tilsendt ei brosjyre med skildring av desse turane og eit felt der dei skal fylla ut kodeordet. Tilsaman vert det levert ut kring 4000 brosjyrer, og brosjyra kan i tillegg lastast ned frå nettsida vår.

Dette har vorte ei svært populær satsing for kommunen som har vore etterspurt både av fastbuande og turistar, og ikkje minst populært blant barnefamiljar.

Eit av kriteria for at dette har vorte så populært, er at me har kunna frista med premiar til dei som vert trekt ut. Sparebanken Vest har støtta oss dei to føregåande åra, og me håpar at Sparebanken Vest vil støtta prosjektet også i år, gjerne med Visa gåvekort og evt «giveaways». De vil sjølvstgått få logo på brosjyra og ved all annonsering vil det verta gjort kjend at prosjektet er støtta av Sparebanken Vest.

Med venleg helsing
Bente Kopperdal Hervik
Rådgjevar kultur
Radøy kommune
Tlf. 56 34 90 12